Møte i FAU onsdag 24. nov. 2010 kl 1800

Til stades:

Eunike Risnes (1. kl), Egil Våge (3. kl), Svanhild Hermansen (4. kl), Anne Britt Melkevik Dahle (5. kl) og Solveig Hjøllo Sleen (7. kl). I tillegg var rektor Lars Bakka invitert til å vera med på møtet.

Representantar for 2. og 4. klasse hadde meldt forfall til møtet.

S a k l i s t e:

1. **Trafikksituasjonen rundt Sagvåg skule - framdrift og tiltak**

Referat frå FAU-møte i september om denne saka er oversendt Stord kommunale Eigedom KF, med kopi til Komite for næring, miljø og utvikling, Komite for oppvekst og utdanning samt Eining veg, trafikk og park v/ einingsleiar H. Sæbø.

Me har bedt om ei tilbakemelding på korleis denne saka vert vurdert handsama vidare, men kjem paralellt med dette til å følgja opp med å ta kontakt med sentrale personar i kommunen.

Målsetjing på kort sikt må vera å få representant/ar frå kommunen ut på ei synfaring. Ansvar for evaluering og utbetringstiltak ligg hos eigar slik me vurderer det, og trafikksikringstiltak i tilknytting til skulen bør vurderast å komma med i fornyinga av kommunen sin trafikksikringsplan.

2. **Ymse**
    a. **Orientering om Litlabø skule**

Ei evt. nedlegging av Litlabø skule vil få konsekvensar for Sagvåg og Litlabø skular. Me har laga eit informasjonsskriv til foreldre med barn på Sagvåg skule der me har sett fokus på kva desse konsekvensane kan bli.

FAU ved Litlabø gjer eit aktivt og målretta arbeid for å unngå nedlegging. FAU ved Sagvåg gjer ikkje meir konkret i høve denne saka, som vert formelt handsama i kommunestyret 2. desember.

    b. **Gå/sykle til skulen**

At mange elevar vert køyrt til skulen er med å skapa farlege trafikksituasjonar ved av- og påstigning for desse inne på skuleområdet. Som eit tiltak til å redusera trafikkrisiko, samt at mange barn i dag bevegar seg for lite, ønskjer me å oppmoda om at elevane går og syklar oftare til skulen. Skulen vil vidareformidla dette til heimane.

c. Faldar om FAU til nye FAU-medlemmer

Det er ikkje laga faldar for i år, og Lars tek ansvar for å utarbeida og senda ut denne.

d. Budsjett for Sagvåg skule - status

Lars orienterte kort om status for budsjett. Rekneskapet pr. byrjinga av november viser ei mindre overskriding på kostnadane. FAU tek orienteringa til etteretning, og ønskjer å framheva at god drift av skulen for oss som er foreldre, er at ungane våre får dei tiltaka og den oppfølgjinga dei skal ha.

e. Tiltak på skulen i samband med trafikksituasjonen

Me må pårekna at det kan ta tid før me har fått utbetra forholda knytt til trafikksituasjonen ved skulen vår. No har me teke eit initiativ, men me må i tillegg etablera dialog med aktuelle instansar i kommunen og me bør nevna saka for politikarane.

På skulen kan ein engasjera elevane til å vera med å setja fokus på denne saka. FAU foreslår at lærarane vurderer tiltak som kan vera med å underbyggja at dette er ei reell problemstilling, og me trur at dette kan kombinerast med undervisning i ulike fag. Slike tiltak kan vera t.d. teljing av bilar inne på skuleområdet, kartleggja kva adferdsmønster gåande og køyrande har, laga video som syner korleis situasjonen kan vera om morgonen o.l.

Anne Britt M. Dahle

Anne Britt M. Dahle
Leiar FAU